

## **Helse Vest budsjett 2018 – Styrking av Odda sjukehus og Voss sjukehus ! Uttale frå Hardangerrådet**

Vi har merka oss framlegg til nedtak i budsjett for Odda sjukehus og Voss sjukehus som skal handsamast i styret i Helse Vest 14.12.2017.

Framlegg til budsjett for 2018 som skal handsamast i styremøte i Helse Vest bekymrar kommunane i Hardanger.

Små lokalsjukehus må føretaka halda særleg fokus på i nedtaksprosessar. Då ein på mange måtar allereie er på eitt minimum bemannings- og funksjonsmessig i høve å ha status som akuttsjukehus. Dette må også omfatta viktige funksjonar som ambulansetenester/akuttfunksjonar ute i kommunane.

Det er varsla arbeid med ein utviklingsplan for Odda sjukehus. Oppdragsbrevet frå helseministeren understrekar at det må leggst særleg til rette for at sjukehuset no og i framtida får styrkt sine funksjonar for å fungera som akuttsjukehus med kirurgi osb.

Voss sjukehus er lokalsjukehus for fleire av Hardangerkommunane og det er særst viktig at alle funksjonar ved sjukehuset vert oppretthaldne.

Vi må be om at helseføretaket legg særleg vinn på å stetta krava i oppdragsdokumenta og ambisjonane for sjukehusa i regionen. Det må då leggst til rette for aktivitet som understøtter dette.

Vi skulle helst sett at Helse Fonna og Helse Vest brukte noko meir tid på nedtaksprosessar opp mot utviklingsplanen og å ha kontakt med kommunane i opptaksområdet før ein gjer vedtak om nedtak.

Kinsarvik 13. desember 2017

Med helsing  
Hardangerrådet IKS

Jostein Eitrheim



Dagleg leiar

# Hardangerrådet iks



Hardanger